



Arbeidsgruppa for folkekultursenter i Nordhordland v. Oddvar Skre
Kvernabekkevegen 72
5243 FANA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2213 - 14/8378

Saksbehandlar:
Jon Askeland
jon.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
26.08.2014

Folkekultursenter for Nordhordland i Tjorehagen

Eg takkar for motteke brev, og melder at eg vil leggja dette fram for formannskapet i Radøy i første møte.

Det var interessant å lesa brevet dykkar. De legg for dagen stor iver, og eg tillèt meg nokre innspel:

Idéane de skisserer kan verta røyndom gjennom å etablera ein organisasjon som arbeider med å skaffa kapital og støttespelarar for prosjektet. Dersom de ynskjer støtte frå offentleg hald, så er eg ikkje samd i alle vurderingane dykkar, men ber dykk særleg om å vera opne for samarbeidsløysingar med dei etablerte einingane innan MUHO og andre framfor å avvisa desse.

Eg vil særleg peika på følgjande:

Eit folkekultursenter i Nordhordland basert på offentleg innsats må finna si form innan det konsoliderte museumssamarbeidet. Eg ser det som heilt naturleg at samlinga til Olav Tjore som er basert på dei reisande, nettopp kan harmoniserast med ideane til VestNorsk Utvandringssenter, og styrkinga av dette innan emnet migrasjon og kulturutveksling. Det de skriv om botaniske samlingar høyrer etter mitt syn naturleg inn under rammene for Lyngheisenteret.

Det største interkommunale arbeidet i Nordhordland innan kulturminnesektoren dei første åra, er etableringa av eit magasin for å sikra ivaretaking av verdfulle kulturminne, basert på faglege standardar. Me er særslig glade for at MUHO har sendt søknad om realiseringa av magasinet. Eg vil ikkje rá til at Radøy deltek i noko som endrar eller svekkar dette arbeidet no.

Det vil vera ein fantastisk styrke for Tjorehagen å realisera eit aktivitetshus der som kan romma større folkemengder til både konserter, møte, utstillingar, servering m.m.. På noverande tidspunkt ser eg ikkje rom for anna enn at dette må realiseraast med privat kapital.

Det de skriv om folkemusikken synest eg er verdt å arbeida vidare med, og eg vil rá dykk til å ta kontakt med rektor ved Manger Folkehøgskule for å drøfta desse gode ideane.

Oppsummert vil eg gje honnør og støtte til mykje av det de skriv, og eg stiller gjerne opp som samtalepart og rådgjevar for deler av innhaldet i brevet, då det er mi klare oppfatning av at de må justera kurset noko for å oppnår det eg oppfattar som hovudtanken i brevet.

Med helsing

Jon Askeland
ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arbeidsgruppa for folkekultursenter Kvernabekkevegen 5243
i Nordhordland v. Oddvar Skre 72

FANA